



Vi løftar saman!

Utviklingsplan. Flora vidaregåande skule. 09/10

Bakgrunn

Planen byggjer på drøftingar i leiargruppa, innspel på mål og tiltak i skuleutvikling frå personalet, møte med representantar frå elevrådet, pedagogisk referansegruppe og tillitsvalde, Mål og strategiplan for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane, samt oppsummeringa etter Skulebesøket. Vidare er framlegget til Miljøkoordinator sine oppgåver, endringane i samansetnaden av leiargruppa og innanfor arbeidsområda til Vaksenopplæringskoordinator og Arbeidslivskontakt sentrale moment for å kunne realisere måla som skulen sett seg for neste planperiode.

Planen for 09/10 gjenspeglar kontekstuelle endringar som kom med Kunnskapsløftet (LK06), nyare pedagogisk forskning, dagens skuledebatt samt dei områda i Handlingsplanen som er retta mot metode og innhald i faga slik desse kan formast innanfor ramma av kompetansemåla.

Skulen si pedagogiske plattform gjenspeglar i stor grad eit kunnskaps- og elevsyn farga av både 70-tallets reformpedagogikk og R-94. Dette er ei utfordring i forhold til dagens skule- og samfunnskontekst, og ein vil difor i skuleåret 09/10 utvikle ein ny pedagogisk plattform.

Planarbeidet starta i desember 2008 med eit samarbeidsmøte mellom Flora, Dale og Høyanger der ein på leiarnivå tok utgangspunkt i nyare utdanningsforskning kring kva som gjeve elevane auka læringsutbyte (Hattie 2003). Vidare såg ein på rapport frå danske Clearing House utarbeidd for Kunnskapsdepartementet som omhandlar kva kompetansar hjå læraren som gjev auka læringsutbyte for elevane (KUD 2008). På bakgrunn av dette er satsingsområda knytt til møte mellom lærar og elev gitt innanfor områda: kommunikasjon, evaluering (feedback) og struktur (klasseromsleiing).


Ved å endre stillingsinnhaldet for ein av personane i leiargruppa ved skulen har rektor har som eitt stabiliserings- og seniorpolitisk tiltak for å ta i vare dei i leiargruppa over 55 år og vidare leggje til rette for kontinuitet i sentrale funksjonar og rekruttering i leiinga. Dette vert nøkkelfunksjonar i neste planperiode.

- Jamnare arbeidsbelastning på nøkkelfunksjonar i leiargruppa
- Meir robust organisering ved at to personar jobbar med nøkkelområda elevadministrasjon og dokumentasjon
- Høve til langtidsplanlegging ved rekruttering til leiargruppa og intertopplæring i nøkkelområde.
- Høve til å la leiarar med lektorkompetanse framleis ha undervisning på høgaste nivå i realfag og samfunnsfag, noko dei ønskjer. Rektor og adm.leiar har begge 100% administrasjon.
- Høve til rekruttere inn ein ny avdelingsleiar (mai 09), som på sikt kan overta sentrale oppgåver.




- Nytte spesialkompetanse innan timeplanlegging, IKT-drift og elevadministrasjon fullt ut i perioden med utbygging og hyppige endringar i time- og romplanlegginga.
- Ved å spisse vaksenopplæring og arbeidslivskontakt som eigne funksjonar / stillingar utanfor leiargruppa – og slik sett unngå at viktige område som skulen vert målt på salderast mot dag til dag leiaroppgåver i leiargruppa.

Skulen har god søkjar og elevtilgong og skulen har høve til langsiktig planlegging og strategisk utvikling av skulen i åra som kjem.



Elevgrunnlag med heile Bremanger

Ved å oppretthalde eit nært fagleg samarbeid med ungdomsskulane i Flora og Bremanger, ønskjer ein å vidareføre og forbetre både innsøking, informasjonsflyt og fagleg samarbeid i regionen. Dette heng tett saman med andre tiltak som overgang, karriereplanlegging, fråfall og faget utdanningsval.



Elevgrunnlag med halve Bremanger

I begge scenaria ser ein auke i elevtalet i perioden fram til 2014.
Kjelde GIS 2008

Utviklingsplanen 09/10


Skule: Flora vidaregåande skule

Kontaktperson: Rektor Knut Chr. Clausen

Dato: 30.04.09

1. Grad av måloppnåing i førre utviklingsplan


Utviklingstiltak	Grad av måloppnåing
Skriving av fagtekstar	I gang. Auka fokus. Betra omgrepsforståing. Samarbeid med ungdomsskulen.
Bruk av læringsplattform	Vi er landsleiiande. (kjelde Fronter).
Internasjonalisering	God gjennomføring av aktivitetar knytt til Malawi og Kelme.
Kontaktlærarfunksjonen	Har blitt tettare integrert med klassemøta. Her trengs det nytt fokus på innhaldet i rolla.
Vurdering	Her har skulen lykkast med både faglege innspel og haldningsendring.
Elevmedverknad	God utvikling i skuledemokrati – enno ein veg å gå på fagnivå.
God skulestart	Må bli betre på Fronter-opplæring.
Internasjonalt entreprenørskap	God utvikling både i Malawi og Kelme.



Elevar pr. programområde

2. Hovudutfordringar for skulen skuleåret 2009/2010 (i prioritert rekkjefølgje)


a) Vidareutvikle skulen som organisasjon: Demokratisk, robust og lærande.
b) Samarbeid skule næringsliv. Entreprenørskap, vaksenopplæring og regional utvikling.
c) Bättre kvaliteten på opplæringa: Evaluering, struktur og kommunikasjon
d) Bättre overgangen mellom ungdomskule og vidaregåande skule for alle elevar
e) Arbeide mot fråfall
f) Arbeidsmiljø for elevar og lærarar.
g) Regional utvikling – etablere prosjekt for å gjere elevane meir medvitne kring kystkulturell identitet og arbeidsmoglegheit innan naturbasert næringsliv og opplevingsnæringar.
h) Lage ny pedagogisk plattform – som gjenspeglar LK06 og nyare pedagogisk forskning.



Profil—forholdet mellom YF og studieførebuande programområde og innføringsklasse, oppfølgings-teneste og særskilt tilrettelagt opplæring..

3. Kortsiktige satsingsområde for skulen				
Fokusområde	Mål	Strategiar/tiltak	Frist	Ansv-arleg
Arbeidsmiljø	Betre klassemiljø. Mind-re mobbing. Redusere uro / støy. Innføring av digitale læremiddel Redusere konsekvensar av byggjeprosessen.	Fokus på sosialt arbeidsmiljø og identifikasjon av elevar med problem eller problemåtferd. Fokus på klasseleiing. Klasseleiing i eit "berbart" klasserom. Dialog med entreprenør.	H09	Avd. leiarar
Fråfall	Redusere fråfall	Tidligare intervensjon og kartlegging.	H09	Ped. leiar
Samarbeid med ungdomsskulane om overgangen	Betre overgang mellom grunnskole og vgs.			
Regionalutvikling	Etablere prosjekt	Kartlegge behov. Setje i verk tiltak innan kystkulturell identitet og arbeidsmoglegheit innan naturbasert næringsliv og opplevingsnæringar	H09	Arbeids-livs kontakt
Entreprenørskap / Arbeidsliv	Fleire ungdomsbedrifter. Alle elevar utplasserte	Stimulere til entreprenørskap. Kontakt og formidling av elevar til utplassering.	09/10	Arbeids-livs kontakt. Avd. leiarar.
Regionalutvikling	Etablere prosjekt Avklare framlegg til samarbeid	Kartlegge moglegheiter.	H09	Arbeids livs kontakt. Ped. leiar

Det er sentral å definere et eit handlingsrom for skulen og lærarane i eit digitalt klasserom i ei stadig meir digital verd.



4. Langsiktige satsingsområde for skulen (i prioritert rekkjefølgje)				
Fokusområde	Mål	Strategiar/tiltak	Frist	Ansvarleg
Betre kvaliteten på opplæringa	Betre evaluering. Betre struktur. Betre kommunikasjon Vidareutvikle fagnettverka.	hausten 09 – er det med utgangspunkt i at lærarane sjølve skal forske på eigen praksis innan tiltak dei har vore med å utforme i våren 09.		Ped. Leiar Avd. leiar.
Entreprenørskap / Arbeidsliv	Ungdomsbedrifter på alle yrkesfaglege programområde		V-11	Ped. Leiar. Arbeids-livs kontakt
Lærande organisasjon	Betre eigenforståing. Betre avgjerdsprosessar. Betre medverknad. Meir robust.			Rektor
Delta i nasjonale og internasjonale utviklings- og utvekslingsprosjekt	EU prosjekt Nasjonalt prosjekt Vidareføre Malawi og Kelme.	Kartlegge moglegheiter. Søkje om midlar.	H-09	Ped. Leiar. Avd. leiarar.
Regional utvikling	Etablere skulen som ressurscenter i Flora. Samarbeidsprosjekt Flora kommune, Kelme (Litauen) EU-finansiert knytt til Helse og Sosial	- Kartlegge kompetansebehov. Tilby opplæring.		Arbeids livs kontakt. Vaksenoppl. Koord.
Lage ny pedagogisk plattform.	I samsvar med styringsdokument		09/10	Rektor

Nybygg og rehabilitering



5. Prioriterte tiltak for oppfølging av Strategisk handlingsprogram 2008-2011 for vidaregåande opplæring (kan overlape satsingsområda i pkt. 3 og 4)		
Område	Ansvarleg(e)	Frist
3.2.2.10 Foreldrepålogging	IT-avd. OA.	
3.2.2.11 Vidareutvikle skulen sitt tilbod om leksehjelp	Ped.leiar. avd.leiarar og miljø-koordinator	H-09
3.2.3.1 Hospitering / faget	Yrkesrådgivar og avd.leiarar	
3.2.6.6 Fadderordning	Avd.leiarar, spes.ped koordinator	
4.2.1 Regional utvikling	Arbeidslivskontakt, vaksseopplæringskoordinator og Ped.leiar	H-09/V-10
4.2.2.2 Synleggjere satsinga på		
4.2.4.8 Lage handlingsplan for	Ped.leiar avd. leiarane	H09

6. Skulen har egne utviklingsplanar på følgjande område:		
Område	Ansvarleg(e)	Frist
Internasjonalisering	Ped.leiar	H-09

7. Kompetanse- og stabiliseringstiltak (i prioritert rekkjefølgje):		
Område	Ansvarleg(e)	Frist
20 tilsette tek IKT-didaktikk neste skuleår. Tilskott til etterutdanning i språk. Tilrettelegging for alle som tek kompetansegivande etterutdanning. Fokus på dei opplegga som er samarbeid mellom HISF og Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Hospitering (for lærarar innan yrkesfag) Samarbeid med Dale og Høyanger.	Rektor	

8. Ressursbehov

Skulen skal gjennomgå ein omfattande nybygg og rehabilitering dei neste åra.

9. Regionale utviklingsmidlar 2008

Skulen har i eige brev søkt om å omdisponere desse midlane til skuleåret 09/10.

10. Miljø

Tiltak under pkt. 10 vert ivaretekne i utbygginga i perioden 09-12.

Læring, inspirasjon og trivsel

Flora vidaregåande skule
30.04.09

